

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
012/2015	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	04.02.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kristine Skaiaa Born	15/11	15/1201

Landbrukssak - Utsetjing av sitkagran for skogbruksformål - uttale

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune ønskjer ikkje planting av sitkagran i kommunen og stiller seg dermed negativ til planting av sitkagran på gbnr 87/1.

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Det er søkt Fylkesmannen i Hordaland om å setja ut sitkagran på eit om lag 68 daa stort område på gnr. 87 bnr. 1 på Sæbø i Radøy kommune. Fylkesmannen ønskjer ein høyingstale frå Radøy kommune om korleis kommunen stiller seg til planting av sitkagran og lokal kjennskap som betre kan opplysa saka.

Planting av framande treslag er i dag søknadspliktig og regulert av forskrift om utsetjing av utanlandske treslag til skogbruksformål (FOR 2012-05-25-460) som tredde i kraft 1/7/2012. Formålet med forskrifta er å hindra at utsetjing av utanlandske treslag kan ha vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet. Forskrifta medfører ikkje eit generelt forbod mot utanlandske treslag, men gjer utsetjing til skogbruksformål og til produksjon av juletre og pyntegrønt søknadspliktig.

Kvar sak skal vurderast for seg og følgje § 7 om sakshandsaming i forskrifta. I sakshandsaminga skal følgjer for naturmangfoldet vektleggjast. §§ 8 og 10 i forskrifta stiller krav til aktsemd, kontroll med spreining og internkontroll. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal liggja til grunn for sakshandsaminga. Dette inkluderer krav til kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, prinsippet om samla belastning, og prinsippet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Det nordamerikanske treslaget sitkagran er innført i Noreg og brorparten av sitkagrana i Hordaland vart planta i perioden 1960-1985. Skogfagleg er sitkagran eit verdifult treslag med høg volumproduksjon - om lag 30 % høgare enn vanleg gran. God motstandsdyktigheit mot saltråk og vind er sitkagrana sine vekstmessige fordelar. Sitka har stor spreiningsevne og særleg til opne område som beitemark ol. Norsk svarteliste for artar er ei liste over dei framande artane som utgjør høgast økologisk risiko for naturmangfaldet i Noreg. På denne lista er sitkagran klassifisert med svært høg risiko grunna den tydelege spreinga inn i den trua naturtypen kystlynghei.

Vurdering

Ved vurdering i saka må ein bruka eit langt tidsperspektiv sidan skogbruk er ei langsiktig næring og ein ikkje haustar før 70 år etter planting. Sitka kan bli opp til 700 år og kan på gode areal setja frø allereie etter 15-20 år. Me må vurderer om me ønskjer å ha sitkagran i Radøy i 2080, skal vi stoppa planting og gradvis fase ut sitkagrana med vanleg norsk gran.

Miljø

I Radøy kommune har me fleire store og fine kystlyngheier me er stolte av og jobbar med å bevara. Dei er i dag trua av redusert beitetrykk og spreining av tre og buskar. Sitkagran har beviseleg ein større spreiningsevne enn vanleg gran og veks betydeleg tettare enn furu og lauv, som er dei naturlege gjengroingsplantane.

Jordbruk

Opne område som beite og slåttemark er og utsett for sitka-oppslag. På Radøy - der den viktigaste jordbruksnæringa er knytt til slått og beitemark, vil sitkagran vera et problem i lang tid. Det vert i dag brukt både energi og pengar på å rydda oppslag av sitka.

Konklusjon

Det er ikkje formålstenleg å planta sitkagran i plantefelt i Radøy kommune då gevinsten for den enkelte skogbrukar ikkje veg opp faren for forringelse av beitemark og trussel mot dei verneverdige kystlyngheiene.

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 012/2015

PLT - handsaming:

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

PLT - vedtak:

Radøy kommune ønskjer ikkje planting av sitkagran i kommunen og stiller seg dermed negativ til planting av sitkagran på gbnr 87/1.

Vedlegg:

Høyring - Radøy - Skogproduksjon - Utsetting av utenlandske treslag på gnr. 87 bnr. 1 i Radøy kommune

Kart- Høyring - Radøy - Skogproduksjon - Utsetting av utenlandske treslag på gnr. 87 bnr. 1 i Radøy kommune

Avslag på søknad om utsetting av sitkagran til skogbruksformål - Fylkesmannen i Hordaland